


# Informasjon til elevar og føresette



Surnadal vidaregåande skole  
Skoleåret 25-26

## Velkommen til oss!

Vi er glade for at nettopp du vil vera elev på Surnadal vgs! Vi er stolte av å kunne fortelja at du er kome til ein skole med gode læringsresultat. Du er også kome til ei skole kor dei aller, aller fleste fullfører.

Vi ynskjer å gi deg eit godt grunnlag for vidare studie- og arbeidsliv. For at du skal lykkast vil vi gi deg tilpassa opplæring og ei opplæring som fremjar læring og trivsel. Vi vil legge til rette for deg, men og stille krav og forventningar til deg.

Du sjølv må bidra med eigeninnsats og gode arbeidsvanar. Vi forventar også at du bidrar til at dei i rundt deg trivst og har det bra.

Det er utruleg viktig for oss at alle møter på skolen kvar dag! Det er kvar enkelt sitt eige ansvar å sørge for å møte opp, men for å lykkast må vi hjelpast åt. Vi forventar derfor at du bidreg gjennom å sjå og helse på dei i klassen din og elles dei du møter, og at du etterspør medelevar som ikkje dukkar opp. Dette kan gjerast enkelt ved å for eksempel seie – «eg såg det ikkje på skolen i går?» Vi treng alle å bli sett.

Saman vil vi på denne måten kunne lykkast med å gi deg og dine medelevar opplæring av god kvalitet i ein kjekk skolekvardag.

Lykke til med skoleåret!

Vennleg helsing frå

Hilde Andersen

rektor



## Om skolen og våre utdanningstilbod

Surnadal vidaregåande skole ligg fint til på Øye i Surnadal, om lag 1 km frå kommunesenteret Skei. Surnadal vidaregåande skole er ein kombinert skole med både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette skoleåret tilbyr vi:

### Vidaregåande trinn 1:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektro og datateknologi
- Helse- og oppvekstfag
- Teknologi og industrifag
- Studiespesialisering (+ valfritt programfag breiddeidrett)

### Vidaregåande trinn 2:

- Automatisering
- Tømrar
- Industrieknologi
- Helsearbeidarfag
- Realfag  
(studiespesialisering)
- Språk, samfunnsfag  
og økonomi  
(studiespesialisering)



### Vidaregåande trinn 3:

- Automatiseringsfaget
- Realfag (studiespesialisering)
- Språk, samfunnsfag og økonomi (studiespesialisering)
- Påbygging til generell studiekompetanse

Skoleåret 25-26 har vi om lag 200 elevar, og det er 45 tilsette som arbeider ved skolen.

## Informasjonskanalar

Skolen har eit **elevteam** i Teams for alle elevar ved Surnadal vgs. Her blir det lagt ut meldingar og informasjon som gjeld elevane. Dette kan mellom anna vera tidspunkt for eksamenstrekk, påminningar om fristar, beskjedar frå elevrådet, IT med meir. Elevteamet er hovudinformasjonskanalen til skolen ut til elevane.



Viktige meldingar frå skolen vil bli sendt ut som SMS til elevar og føresette (til elevar under 18) gjennom det skoleadministrative systemet InSchool.

**Heimesida** til skolen finn du på <https://surnadal.vgs.no/>. Her finn du mellom anna kontaktinformasjon til alle som arbeider på skolen, oversikt over tilboda våre, informasjon om eksamen, biblioteksøk og mykje meir du kan få bruk for.

Ved hovudinngangen, i kantina og i yrkesfagbygget finn du **infoskjermar**. Vi rår til at du jamleg ser på desse for å få med deg nyttig informasjon.

**Facebooksida** til skolen blir også jamleg oppdatert med siste nytt. Lik oss gjerne! Facebook.com/surnadalvgs.

Du finn oss også på **Instagram** under surnadalvgs. Der blir det lagt ut glimt frå kvardagen og meldingar til elevane.



## Kontaktlærar

Kontaktlæraren er den personen du i første rekke kan søke råd hos i spørsmål som har med skolegangen å gjera, og som er den som har hovudansvaret for å legge til rette for deg.

## Kontakt med heimen

Skolen ønskjer å ha eit tett samarbeid med foreldre/føresette. Dei vil derfor bli invitert til ein foreldresamtale i løpet av hausten (gjeld elevar under 18 år).

Skolen vil også invitere foreldre og føresette til elevar på vg1 og vg2 til felles informasjonsmøte i september.

## Skolemiljø og trivsel

Skolen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring for alle.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle har det trygt og godt, og førebygge at det oppstår situasjonar som gjer at du som elev ikkje har det trygt og godt. For å sikre dette har skolen ei aktivitetsplikt. Formålet med plikta er å sikre at vi fangar opp dersom du ikkje har det trygt og godt, og at skolen da handlar raskt og rett.

Dersom du sjølv blir plaga, eller du ser eller veit om andre som blir plaga, sei frå! Anten til kontaktlærar eller nokon andre som arbeider på skolen som du har tillit til. Alle som er arbeider på skolen er pliktige til å hjelpe deg og ta saka vidare.

Alternativt kan du kan melde frå digitalt om mobbing på heimesida til skolen, eller levere ei melding i postkassa utanfor rektor sitt kontor.

Du kan lese meir om skolen sitt ansvar for at alle skal trivast på [skolen si heimeside](#) og på [Udir sine nettsider](#).



## VIP-makkerskap

Elevane ved Surnadal vidaregåande skole blir frå første skoledag delt inn i makkerpar (to personar). Makkerpara er vidare ein del av ei makkergruppe. Makkerpar og makkergrupper blir brukte i undervisninga i alle fag, men også i andre samanhengar på skolen.

VIP-makkerskap handlar om å gi dykk som elevar ein trygg overgang frå tidlegare skole til vidaregåande skole. VIP-makkerskap er ei førebuing til vidare studiar og arbeidsliv, gjennom å øve på å vere ein god kollega.

Makkerskap er inndelte tilfeldig slik at de lærer kvarandre å kjenne på kryss og tvers i klassen. Makkerpara blir endra med jamne mellomrom.



## Elevskåp

Elevskåp vil du få nærmere klasserommet ditt. Hengelås må du kjøpe sjølv, og skapet bør vere låst til ei kvar tid. Så lenge skapet står ulåst, har du sjølv ansvaret om noko kjem bort eller blir øydelagt.



## Skolekantina

Skolekantina er open kvar dag frå kl. 07:50 til 13:00. Det skal vere ro og orden i kantina, og vi ber om at du ryddar etter deg.

Nyttar du kantina etter kl. 13:00, ønskjer vi at du heng opp stolen etter deg.

Skolen spanderer frukt kvar tysdag og torsdag.



Kantina er ei privat bedrift der Bente Heggset er drivar. Elevane skal rette seg etter reglar frå kantinedrivar.

## Skolebiblioteket

Skolebiblioteket held ope kvar dag frå kl. 08:00 – 15:30. Vi har eit breitt utval av fagbøker og skjønnlitteratur. I tillegg har vi mange brettspel som kan lånast i skoletida.

Når du oppheld deg i biblioteket, ta omsyn til andre og rydd på plass etter deg.

For utlånsreglement for skolebiblioteka - sjå [skolen si heimeside](#).



## Lærebøker

Lærebøker får du låne av skolen. For å låne lærebøker (og anna fra biblioteket) må du ha lånekort. Om du ikke har nasjonalt lånekort fra før, vil du få det utdelt av kontaktlærar i starten av skoleåret.

Ta godt vare på lånekortet ditt, og ta det med på skolen kvar dag.

Det er svært viktig at du scannar alle lån og innleveringar i automaten i biblioteket. Lånet er personleg, og du er økonomisk ansvarleg for alt du låner av skolen. Etter at skoleåret er slutt vil det bli sendt rekning på manglande innlevering/øydelagde bøker.

For å hindre forbytting og unødig slitasje bør lærebøkene ha bokbind, og dei skal merkast med namnet ditt i permen av boka.



## InSchool

InSchool er vårt skoleadministrative system. For deg som elev, er InSchool staden der du kan sjå alt av fråvær, merknader og karakterar som er registrerte på deg. I tillegg kan du sjå timeplana di, gjennomførte elev- og fagsamtalar og informasjon om eventuelle eksamenar.



InSchool er også plassen kor du registrerer søknadar. Skal du til dømes söke om fritak skal dette gjerast her.

## Teams

Skolen nyttar Microsoft 365 og Teams som læringsplattform.

Elevar og lærarar arbeider saman i Teams. Teams brukast til oversikt over prøvar/vurderingar, undervegsvurdering, fildeling, informasjon, kommunikasjon med meir.



## Skoleskyss

Elevar på vidaregåande må søke om skyss sjølv gjennom skoleskyssportalen [skoleskyss.mrfylke.no](http://skoleskyss.mrfylke.no), og det må søkast på nytt for kvart skoleår. Du må bu meir enn **6 km** frå skolen for å få busskort. Kortet gjeld på strekninga mellom bustad og skole. Skysskortet gir rett til skyss til og frå skolen ved skolen si ordinære start- og sluttid.

Avstand er rekna ut frå Møre og Romsdal fylkeskommune sine kartdata, og er kortaste farande veg frå eleven si adresse til eleven sin skole. Skoleskyssportalen hentar riktig adresse ut frå eleven sitt personnummer og etternamn frå folkeregisteret.

Elevar som har rett på skoleskyss, får eige skysskort. Kortet blir laga på skolen. Ta godt vare på kortet – du treng det så lenge du er elev i Møre og Romsdal. Vi gjer merksam på at ved delt bustad må du legge ved stadfesting om dette.



Søknad om tilrettelagt skyss må du sende via skolen. Legeerklæring er nødvendig.

Elevar som bor i Trøndelag må søke om skoleskyss på [www.trondelagfylke.no](http://www.trondelagfylke.no). Det er dei same reglane for skoleskyss i begge fylka.

Har du spørsmål omkring skoleskyss kan du kontakte konsulent Vilde Virum Naustbakk på kontoret på Surnadal vgs. Spørsmål som gjeld skyssrett sender du direkte til: [skoleskyss@mrfylke.no](mailto:skoleskyss@mrfylke.no).

## Informasjon om stipend

Elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett får utstyrssstipend frå Lånekassen. Hugs at du må søke for å få det. Når du søker, sjekkar Lånekassen automatisk om du har rett til andre stipend, som for eksempel inntekstavhengig stipend. Bur du på hybel kan du søke om bortebuarstipend. Du kan søke om stipend når du har takka ja til skoleplass. Er du over 18 år kan du signere avtalen sjølv. Er du under 18 år, må føresette signere avtalen. Søknadsfristen er 15. november.

Utstyrssstipendet skal dekke individuelt utstyr som er nødvendig i opplæringa. Det kan f.eks. vere pc, kalkulator, kladdebøker, skrivesaker, eller ekstra utstyr på verkstaden. Ved skolestart vil det bli gjeve nærmere beskjed om kva utstyr som trengst.

Du kan lese meir om dei ulike stipendordningane på [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no).



Så mykje får du i stipend til kjøp av utstyr:

1398 kr	2630 kr	4242 kr	7202 kr
Studiespesialisering	Helse- og oppvekstfag	Studiespesialisering m/toppidrett*	Bygg- og anleggsteknikk
Påbygging til generell studiekompetanse		Elektro og datateknologi	
		Teknologi og industrifag	

\* **NB!** Legg merke til at dersom du har breiddedidrett som valfritt programfag på studiespesialisering, får du eit høgare utstyrssstipend. For å finne dette valet i søkeren på Lånekassen må du klikke «nei» på spørsmålet: «Er det denne skolen du har opptak til og dette utdanningsprogrammet du skal ta?». Deretter må du sjølv leite fram Surnadal vgs i menyen og finne «studiespesialisering med toppidrett». Ta kontakt med kontoret på Surnadal vgs dersom du har spørsmål omkring dette.

## Elev-pc

Alle elevar i vidaregåande skole må ha eigen PC. Som elev på Surnadal vgs kan du få kjøpt ein berbar PC av merket Dell Pro 14. Den fylkeskommunale PCen har 3 års garanti og uhellforsikring.

PCen betalast i form av ein årleg eigenandel som tilsvrar den lågaste satsen for lånekassen sitt utstyrsstipend, som for skoleåret 2025-26 er på 1398,- . Etter tre år er PCen nedbetalt.

Vi rår alle elevar til å velje pc framfor Mac til skolearbeid, fordi vi med Mac erfarer problem med integrasjon mot skolen sine program og system.

*Er du elev på vg trinn 1 teknikk- og industriell produksjon må du ha PC (ikkje Mac) til skolearbeid. Dette fordi det ikkje er muleg å laste ned diverse program til Mac som du treng i skolekvardagen din.*

Frist for å bestille elev-PC er 1. september, og du må bestille via nettsida [skolestart.mrfylke.no](http://skolestart.mrfylke.no).



Fylket har eit eige IT-reglement. Dette finn du på [skolen si heimeside](#).

## Operasjon Dagsverk

Operasjon Dagsverk er Noregs største solidaritetsaksjon av, med og for ungdom. Organisasjonen arbeider for ei betre verd ved å sette global urettferdigheit på timeplanen i den norske skolen.

Det er elevrådet på Surnadal vgs som bestemmer om skolen skal delta i aksjonen, og elevrådet bestemte i vår at skolen skulle delta på årets aksjon.

### OD-dagen 2025 er torsdag 30. oktober.

Årets OD støttar ungdom i Kenya og Tanzania i kampen mot barneekteskap, tenåringsgraviditet og ulovleg omskjæring. Eit dagsverk har ein retteliande minstepris på 450,-



Du kan skaffe din eigen arbeidsplass eller få hjelp av skolekomiteen. Meir informasjon om Operasjon Dagsverk kjem når dagen nærmar seg.

## Elevråd

Tenk over om du ynskjer å stille til val som **tillitselev**. Dette er eit viktig verv kor du kan vera med og fremje saker som du og klassen din brenn for! Tillitselevane utgjer elevrådet ved skolen. Som tillitselev er du talerør for klassen din. Som tillitselev og medlem av elevrådet får du mellom anna arbeide med saker som gjeld lærings- og skolemiljø, både trivsel og fag.

**Elevrådet** blir vald kort tid etter skolestart, deretter blir det etablert eit elevrådsstyre. Elevrådsstyret har 7 medlemmar (inkludert 2 møtande vara) og skal representere alle elevar ved skolen.

## Skoleutval

Alle vidaregåande skolar skal ha ei skoleutval.

Det skal veljast 4 elevrepresentantar til skoleutvalet. Desse kan anten vera elevrådsrepresentantar, eller elevar som har særskilt interesse for å arbeide med skolemiljøet. I tillegg sit 2 føresette, 1-2 samfunnskontaktar, 1 representant for dei tilsette og rektor i skoleutvalet.



Skoleutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen. Skoleutvalet skal planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skolereglar.

Det skal vere minimum 3 møter i utvalet per år, elevane kan be om fleire møter.


## Elevbevis

Elevbevis får du gratis via den elektroniske løysinga Pocket-ID. Via «selfie-løysinga» kan du få elevbevis kort tid etter skolestart. Fotografen frå Reed Foto vil ta portrettbilde og gruppebilde til skolekatalogen/avgangsbilde torsdag 11. og fredag 12. september. Desse portrettbilda vil komme automatisk i ditt elevbevis i appen.

Slik går du fram for å skaffe deg elevbevis på mobilen:

- Last ned appen Pocket-ID på mobilen din.
- Logg inn med din FEIDE-brukar.
- Elevbeviset blir lasta inn automatisk og blir raskt tilgjengeleg for bruk.
- Last opp eller ta nytt bilde med mobiltelefon din (dersom det ikke blir henta automatisk).

Ta kontakt med skolen dersom du opplever problem med løysinga.



## Skolehelsetenesta

Skolehelsetenesta finn du i 1. etasje ved garderobane i A-bygget. Dei har faste treffpunkt kvar veke. Meir detaljert tidpunkt for treff-tid vil bli lagt ut på våre kommunikasjonskanalar ved skolestart.

Tilbodet er gratis og henvisning er ikkje nødvendig.

For meir informasjon om tenesta; sjå <https://surnadal.vgs.no/forelever/helsetenester/>



## Ungdomsteamet

Ungdomsteamet er eit gratis lågterskeltilbod for unge i Surnadal i alderen 13-20 år.

Ungdomsteamet har fokus på førebygging av psykiske helseplagar, rus og kriminalitet. Her finn du helsejukepleiarar, førebyggingsrådgjevar og ungdomskontakt som du kan snakke med. Dei som arbeider i ungdomsteamet har teieplikt.

Tilbodet gjeld ungdom som bor i Surnadal eller som går på skule her. Foreldre eller andre vaksenpersonar kan kontakte oss og få råd om generelle tema. Vi kan snakke med foreldre og ungdom saman viss ungdommen sjølv ønskjer det.

Snapchat: ungsurnadal

Instagram: ungdomsteamet\_surnadal

Facebook: Ungdomsteamet i Surnadal

[www.ungisurnadal.no](http://www.ungisurnadal.no)

### Sosiale medier

Instagram: ungdomsteamet\_surnadal

Snapchat: ungsurnadal



## Fravær

Det er særskilt viktig at du som elev møter på skolen kvar dag og deltek aktivt i eiga læring! Dette er grunnleggande viktig for at du skal fullføre og bestå vgs.

Sjukdom skal meldast til kontaktlærar første fraværsdag. Må du forlate skolen i løpet av skoledagen skal faglærar eller kontaktlærar ha beskjed.

Frå skoleåret 25-26 gjeld nye fraværsreglar. I grove trekk handlar desse om at du som elev no sjølv kan levere eigenmelding for fravær av helsegrunnar opp til fraværsgrensa på ti prosent i eit fag. Reglane vil bli tema i klassane og på foreldremøte for vg1 og vg2 i september.

Her finn du fraværsreglementet: [Fraværsreglement - Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

## Branninstruks

Elevane skal gjere seg kjent med branninstruksen som er oppslått på alle undervisningsrom. Når brannalarmen går skal alle forlate skolebygget og samlast på parkeringsplassen utanfor idrettshallen.



## Parkeringsplasser

Parkeringsplassane rundt skolebygningane er reservert tilsette, besøkjande og andre med løyve (lapp i frontruta skal vise løyve til å parkere ved skolen). Ta kontakt med administrasjonen dersom du treng å parkere ved skolen.

Elevparkeringa for bilar og andre motoriserte køyretøy er på parkeringsplassen nedom Øye kyrkje. Mopedar og motorsyklar kan parkerast ved yrkesfagavdelinga og framom skolen.

**For at dei totalt rundt 800 elevane på Øye-området skal få ein trafikksikker skolekvardag skal elevar som blir køyrt til/frå skolen settast av ved rundkøyringa på busshaldeplassen. Slik unngår vi unødvendig køyring i skoletida.**



Sjå [skolen si heimeside](#) for reglement for motorisert ferdsel og parkering.

## Vi minner om

- at du er pliktig til å melde frå til skolen om du endrar namn, adresse eller telefonnummer i løpet av skoleåret.
- at det ikkje er lov å bruke tobakk og snus, eller vera påvirkta av rusmiddel på skolen sitt område eller i aktivitet i regi av skolen (jf. §7 i Forskrift til Opplæringslova).
- at på Surnadal vidaregåande skole skal alle vise respekt og vere høflege mot kvarandre ☺

Sjå elles skolereglane på [skolen si heimeside](#) for dine rettar og plikter som elev.

## Skoleruta skoleåret 25-26

### **Haust -25:**

- Første skoledag etter sommarferien: Måndag 18. august.
- Haustferie: Veke 41, måndag 6. – fredag 10. oktober.
- Siste skoledag før jul: Fredag 19. desember.

### **Vår -26:**

- Første skoledag etter jul: Måndag 5. januar.
- Vinterferie: Veke 8, måndag 16. – fredag 20. februar.
- Påskeferie: Måndag 30. mars – måndag 6. april.
- Første skoledag etter påske: Tysdag 7. april.
- Elevfri dag: Fredag 15. mai.
- Siste skoledag før sommarferien: Fredag 19. juni.

*Til saman 190 skoledagar.*

## Undervisningstider

1. time	08:05 – 08:50
2. time	09:00 – 09:45
3. time	09:50 – 10.35
4. time	10:45 – 11.30
5. time	12:00 – 12:45
6. time	12:55 – 13:40
7. time	13:50 – 14:35
8. time	14:45 – 15.30 (på tysdagar for breiddeidrett)
9. time	15:40 – 16:25 (på tysdagar for breiddeidrett)

## Skoleleiinga

Leiinga ved skolen har ansvaret for at skolen til kvar tid blir driven etter gjeldande reglar og retningslinjer. Leiinga har det pedagogiske ansvaret.

### **Andersen, Hilde**

Rektor

[hilde.andersen@mrfylke.no](mailto:hilde.andersen@mrfylke.no)

71 28 44 01 / 996 37 279

### **Holten, Kristin**

Ass. rektor og avdelingsleiar for helse- og oppvekstfag og spesialundervisning

[kristin.holten@mrfylke.no](mailto:kristin.holten@mrfylke.no)

71 28 44 50 / 482 72 431

### **Grytbakk, Ole Bjørn**

Avdelingsleiar for elektro og datateknologi, bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industrifag

[ole.bjorn.grytbakk@mrfylke.no](mailto:ole.bjorn.grytbakk@mrfylke.no)

71 28 44 45 / 905 29 196

### **Nervik, Jens**

Avdelingsleiar studiespesialisering

[jens.nervik@mrfylke.no](mailto:jens.nervik@mrfylke.no)

71 28 44 25 / 975 69 155

## Administrasjonen

Administrasjonen tek i mot henvendingar til skolen i resepsjonen og på sentralbord, og hjelper dykk vidare. I tillegg er det vi som hjelper dykk direkte med mellom anna skoleskysskort, bestilling av transport ved skadar, elevbevis, utskrift av vitnemål, kompetansebevis og karakterbevis, tilgang til systema til skolen, skademeldingar om du har skadd deg i skuletida, låne bøker i skolebiblioteket.

### **Sentralbord**

surnadal.vgs@mrfylke.no

71 28 44 00

### **Gjeldnes, Bodil**

Konsulent

[bodil.gjeldnes@mrfylke.no](mailto:bodil.gjeldnes@mrfylke.no)

71 28 44 04 / 901 77 053

### **Naustbakk, Vilde Virum**

Konsulent

[vilde.virum.naustbakk@mrfylke.no](mailto:vilde.virum.naustbakk@mrfylke.no)

71 28 44 03 / 900 18 189

### Rådgjevar

Rådgjevar Liv Marit Berset har kontor ved skolebiblioteket. Ta kontakt med ho dersom du har spørsmål i samband med utdanning- og yrkesval, eller om du treng nokon å prate med.

### **Berset, Liv Marit**

Rådgjevar og OT-koordinator

[liv.marit.erset@mrfylke.no](mailto:liv.marit.erset@mrfylke.no)

Telefon: 71 28 44 05 / 481 48 783

## Kontaktlærarar skoleåret 25-26

1BA	Erik Erland Halle	<a href="mailto:erik.erland.halle@mrfylke.no">erik.erland.halle@mrfylke.no</a>
1EL	Per Ingar Aarnes	<a href="mailto:per.ingar.aarnes@mrfylke.no">per.ingar.aarnes@mrfylke.no</a>
1HO	Marit Øyen Saltrø	<a href="mailto:marit.oyen.saltro@mrfylke.no">marit.oyen.saltro@mrfylke.no</a>
1ST	Torgeir Kvendset	<a href="mailto:torgeir.kvendset@mrfylke.no">torgeir.kvendset@mrfylke.no</a>
	Jon Solem	<a href="mailto:jon.solem@mrfylke.no">jon.solem@mrfylke.no</a>
1TP	Ståle Sæterbø	<a href="mailto:stale.saterbo@mrfylke.no">stale.saterbo@mrfylke.no</a>
2AU	John Røen	<a href="mailto:john.roen@mrfylke.no">john.roen@mrfylke.no</a>
2HE	Ingeborg Myrvang	<a href="mailto:ingeborg.myrvang@mrfylke.no">ingeborg.myrvang@mrfylke.no</a>
2IN	Per Arne Hyldbakk	<a href="mailto:per.arne.hyldbakk@mrfylke.no">per.arne.hyldbakk@mrfylke.no</a>
2ST	Espen Fougli Vraalsen	<a href="mailto:espen.fougli.vraalsen@mrfylke.no">espen.fougli.vraalsen@mrfylke.no</a>
	Einar Sødergren	<a href="mailto:einar.sodergren@mrfylke.no">einar.sodergren@mrfylke.no</a>
2TØ	Johan Almås	<a href="mailto:johan.almas@mrfylke.no">johan.almas@mrfylke.no</a>
3AU	Per Egil Fiske	<a href="mailto:per.egil.fiske@mrfylke.no">per.egil.fiske@mrfylke.no</a>
3PB	Grete Aune	<a href="mailto:grete.aune@mrfylke.no">grete.aune@mrfylke.no</a>
3ST	Camilla Hegerberg Strøm	<a href="mailto:camilla.hegerberg.strom@mrfylke.no">camilla.hegerberg.strom@mrfylke.no</a>

## Undervisningspersonalet og anna personell

Aarnes, Per Ingar	- elektro og datateknologi
Almås, Johan	- bygg- og anleggsteknikk
Aune, Grete	- studiespesialisering
Bergheim, Kathrine Schei	- studiespesialisering
Bjørgum, Joanna Christine	- studiespesialisering
Bolme, Maria Therese	- spesialundervisning
Bævre, Jahn Børge	- bygg- og anleggsteknikk
Bævre, Peter	- elektro og datateknologi
Bævre, Unni	- reinhald
Bøe, Gunhild Bøklep	- elektro og datateknologi
Dahle, Kenneth Brian N.	- studiespesialisering
Dalsegg, Mona	- reinhald
Faksnes, Solveig	- reinhald
Fiske, Per Egil	- teknologi- og industrifag
Halle, Erik Erland	- bygg- og anleggsteknikk
Hansen, Frode Næss	- studiespesialisering
Hyldbakk, Per Arne	- teknologi- og industrifag
Høivik, Synne Mogstad	- studiespesialisering
Johansen, Skylar Ramsvik	- IT-brukarstøtte
Kremenlieva, Tanya	- studiespesialisering
Kvendset, Gerd Ingrid	- helse- og oppvekstfag
Kvendset, Torgeir	- studiespesialisering
Mogstad, Katrine	- helse- og oppvekstfag
Myrvang, Ingeborg	- helse- og oppvekstfag
Ranes, Guro	- studiespesialisering
Ranes, Silje	- spesialundervisning
Røen, John	- elektro og datateknologi
Saltrø, Marit Øyen	- studiespesialisering
Solem, Jon	- studiespesialisering
Solli, Lars Peder	- driftsteknikar
Strøm, Camilla Hegerberg	- studiespesialisering
Svanem, Britt Iren Glærum	- studiespesialisering
Svanem, Maren	- studiespesialisering
Sæterbø, Ståle	- teknologi- og industrifag
Sødergren, Einar	- studiespesialisering
Vraalsen, Espen Fougli	- studiespesialisering